



HØGSKULEN I VOLDA
Volda University College

Nyhendebrev nr. 13, 31. mars 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



Næringskonferansen Søre Sunnmøre 7. april - med studentrabatt

Den tradisjonelle næringskonferansen for Søre Sunnmøre blir arrangert i Ørsta 7. april. Arrangementet er lagt til idrettshallen Ørstahallen, og deltakarane får høyre lokale, nasjonale og dagsaktuelle foredragshaldarar med lang fartstid ifrå næringsliv, leiarskap, grunderprosessar, idrett og økonomi. Nytt av året er at konferansen har spesialpris for studentar på kr 490,-.

[LES MEIR](#)



Allmøte om leiingsmodell 4. april

Alle tilsette på HVO er inviterte til å delta på allmøte om leiingsmodellen på Høgskulen: Vald eller tilsett rektor? Høgskulen har i dag vald rektor. Rektorane ved Universitetet i Bergen (Margareth Hagen) og Høgskulen på Vestlandet (Gunnar Yttri) bidreg på møtet - som representantar for to ulike leiingsmodellar.

[LES MEIR](#)



X2-festivalen startar i dag - på Stadion

Den årlege [X2-festivalen](#) blir arrangert 31.3.-3.4. og skal blant anna bruke [fotballhallen på Volda Stadion som festivalarena](#). [Terje Håkonsen er eitt av trekkplastra](#). Høgskulen i Volda er også i år ein av støttespelarane til festivalen. [Les meir om festivalen på nettsidene våre](#).

[LES MEIR](#)



Rektorbloggen: 50 år med sosialfag i Volda

Institutt for sosialfag markerer no sitt 50 års jubileum. Og instituttet er på mange måtar eit føredøme når det gjeld knoppskyting, kompetansebygging og tverrfagleg arbeid. Dei involverer faktisk alle dei andre avdelingane i si undervisning.

[LES MEIR](#)

Studium og studentliv:

1,5 mill i "koronamidlar" er fordelt på avdelingane

Høgskulen i Volda har tidlegare i år fått ca. 1,5 mill i "koronamidlar" frå Kunnskapsdepartementet for å motvirke at studentar blir forsinka eller sluttar i studia. Pengane har vorte fordelte på avdelingane, biblioteket og leiinga til bruk på ulike tiltak. Avdelingane har fått løyving etter kor mange studentar dei har. AHL har fått kr 588.000, ASH har fått kr 379.000, AKF har fått kr 183.000 og AMF har fått kr 159.000. Biblioteket og leiinga har kvar fått kr 100.000 til vidare fordeling. Midlane vil bli brukt til ulike tiltak som til dømes studentassistentar og sosiale tiltak, men det er altså opp til avdelingane korleis dei vil nytte midlane.

Svar på SHOT: Studentar kan vinne Ipad - eller pengar - svarfrist 11. april (utsett svarfrist)

Ein ny runde med Studentenes helse- og trivselsundersøkelse (SHoT) er i gang og alle studentar ved Høgskulen i Volda er inviterte til å delta. SHOT prøver å finne ut korleis det eigentleg er å vere student - blant anna når vi no går inn i det tredje året med korona. 180.000 studentar får invitasjon til SHOT

på e-post. Shot trekker 5 lpadar og gir gavekort på kr 500,- til 100 av dei som svarar på spørsmåla. [Les meir om SHOT på nettsidene våre.](#)

10.000 undervisningsvideoar skal konverterast

Høgskulen i Volda har nytta verktøyet Canvas Studio til undervisningsvideo, men no i vår vil alle videoane bli flytta over til det nye systemet Panopto. I alt er det nesten 10.000 videoar knytte til over 900 kurs og på til saman 1.600 timar som skal konverterast til Panopto berre ved Høgskulen i Volda. Dei fleste andre høgskular og universitet skal også flytte over sine videoar, så dette arbeidet går heile våren og skal vere gjennomført til studiestart. IT-avdelinga vil halde kurs i Panopto i april.

Pensumlistar for hausten 2022: Klare for redigering i Leganto

Biblioteket har no lagt til rette for at pensumlistene for hausten 2022 kan redigerast i Leganto. Som tidlegare år er det pensumlistene frå i fjor haust som no er kopierte over til hausten 2022 for vidare redigering og oppdatering. Ta kontakt med biblioteket om du ikkje finn "di" pensumliste, og hugs å trykke "Send til biblioteket" etter at du er ferdig å redigere. Frist for pensumlistene er som tidlegare år 15. mai. Alle tilsette har fått meir detaljert informasjon om dette. [Les meir om Leganto på nettsidene våre](#)

Menyen i kantina neste veke

Middagen i kantina har sine faste haldepunkt med pokebowl på onsdag, potetball torsdag og taco på fredag. Og her er resten av menyen:

Måndag: Pasta bolognese med focaccia(vegan)/Tomatsuppe med kvitløk

Tysdag: Gresk gyros med ovnsbakte poteter/Fiskesuppe

Onsdag: Kyllinggryte med ananas ris og salat/Brokkolisuppe

Torsdag: Potetball med tilbehør/aspargessuppe

Fredag: Tacobuffet

Alle middagar kostar kr 14,90 pr. hg. Supper kostar kr 35,-.

[Lenke til Sivolda og kantina sine nettsider.](#)

Styre og stell

Høgskulestyret: Ventar med å lyse ut direktørstillinga - ventar på avgjerd om leiingsmodell

Høgskulestyret hadde omframst styremøte 29. mars 2022 og vedtok der å vente med å lyse ut direktørstillinga. Eit fleirtal på 8 mot 3 i styret ønska å vente til høgskulestyret har vedtatt om ein skal halde fram med vald rektor, som i dag, eller om ein skal byte til tilsett rektor. Det blir bestemt på styremøtet 16. juni. Stillinga som høgskuledirektør er berre aktuell om ein held fram med ordninga med vald rektor. Vedtaket var i tråd med innstillinga. [Sakspapira til møtet er tilgjengeleg her.](#)

Høgskulestyret: Innstillingsutval skal finne mellombels direktør

Høgskulestyret har sett ned eit innstillingsutval som skal arbeide med å finne ein mellombels høgskuledirektør frå 1. august då direktør Karen Lomeland Jacobsen sluttar. Medlemmer av innstillingsutvalet er rektor, eksternt styremedlem Roar Tobro, dekan Unni Hagen. Studentparlamentet skal utpeike eitt medlem og dei tilsettes organisasjonar skal utpeike to medlemmer til innstillingsutvalet på i alt 6 personar. Stillinga blir ikkje lyst ut og innstillingsutvalet får i oppdrag å ta direkte kontakt med aktuelle kandidatar. Styret skal tilsette mellombels direktør i neste styremøte 5. mai.

Nye inne- og utemøblar til studiestart i haust

Møblane i kantina skal fornyast og høgskulen hentar no inn tilbod frå aktuelle leverandørar. Dei nye møblane skal vonleg vere på plass til studiestart hausten 2022. Det er også på gang innkjøp av nye møblar til uteområdet på Høgskulen i Volda, og desse vil etter planen kome på plass før sommarferien.

Tofaktor-autentisering: Mobil er enklast, men det finst alternativ

Våren 2022 har Høgskulen innført tofaktor-autentisering for å gjere systema våre tryggare. Den enklaste måten å få dette til på er å stadfeste pålogginga di med mobil. Og det er gratis i bruk og for dei fleste den enklaste måten å få tilgang på. Men det finst også alternative løysingar for dei som ønsker det: Eigne appar for autentisering og også ein fysisk USB-tryggleiksnøkkel. [Les meir om alternativa på nettsidene våre.](#)

NM i volleyball i Volda: Parkeringsplassane ved VCA er stengt 1.-3. april

KFUM Volda arrangerer NM i volleyball for 15-åringar 1.-3. april 2022 i Volda Campus Sparebank1 Arena. I samband med turneringa vert parkeringsplassane i parkeringskjellaren og ved VCA reservert for arrangøren og er ikkje tilgjengelege for HVO-tilsette og studenter. Les meir om arrangementet på denne nettsida: <https://www.nm2022.no/>

Fag og forskning

Tilsette blir oppmoda til å legge ut informasjon om interne seminar og faglege arrangement på kalenderen på www.hivolda.no.

Hovlid-sitat fekk plass i Kierulf-utgreiinga om ytringsfridom i akademien

NOU-en om akademisk ytringsfridom ("Kierulf-utgreiinga") vart lagt fram 30. mars, og kjem snart på høyring. Den fulle tittelen er: "Akademisk ytringsfrihet. God ytringskultur må byggjes nedenfra, hver dag". [Professor Ellen Hovlid](#), AMF, sende innspel til arbeidet med utgreiinga, og eit sitat har vorte teke inn i utgreiinga - sjå side 107. Stikkord: "Verdien av å ta feil". [Utgreiinga er tilgjengeleg på nettsidene til regjeringa](#).

Statsråd Toppe fekk orientering om ny mastergrad i barnevernsarbeid

Barne- og likestillingsminister Kjersti Toppe besøkte høgskulen torsdag 17. mars. Saman med blant andre sin politiske rådgivar Per Ivar Lied og ordførarane i Volda og Ørsta møtte ho representantar frå ASH og AHL. [Les meir på nettsidene våre](#).

Sosialfaga i Volda feirar 50 år: - Det kunne fort ha gått rett gale

Sosialfaga ved Høgskulen i Volda feirar 50 år med ein jubileumskonferanse 31. mars og 1. april. Starten på det heile var eit studium i organisasjons- og velferdsarbeid som starta opp i 1971. Professor Kåre Heggen har sett tilbake på den spennande historia til sosialfaga i Volda, og han seier: Det kunne fort ha gått rett gale heilt frå starten av. [Les meir om jubileet på nettsidene våre](#).

Tidlegare IPAS-studentar kom tilbake til høgskulen

Institutt for planlegging, administrasjon og skuleretta samfunnsfag (IPAS) inviterte tidlegare og noverende studenter til alumnisamling, der studentane fekk høve til å la seg inspirere og høyre kvar dei tidligere studentene jobbar i dag. [Les meir på nettsidene våre](#).

Forskningsdagane 2022: Det nasjonale temaet er «Hav»

Høgskulen i Volda arrangerer Forskningsdagane på høgskuleområdet i tida 23.-27. september 2022. Den offisielle opninga av Forskningsdagane 2022 blir på biblioteket fredag 23. september kl. 11 i samband med utdelinga av FoU-prisen. Tilsette blir inviterte til å presentere FoU-aktivitetane sine

under Forskingsdagane 2022, og ein står rimeleg fritt når det gjeld fagleg innhald, arrangementsformer og målgrupper. Forskingsdagane gjev høve til å vise fram breidda i det omfattande FoU-arbeidet ved høgskulen til eit variert publikum både lokalt og regionalt. Ta kontakt med koordinator og NFR-regionkontakt Geir Tangen dersom du har idear og forslag til program under Forskingsdagane 2022 ved Høgskulen i Volda. [Les meir om Forskingsdagane på nettsidene våre.](#)

Forskingsmidlar, forskingsaktivitetar og fristar:

Nominer kandidatar til FoU-prisen innan 12. mai

Fram til 12. mai kan tilsette og studentar ved HVO nominere kandidatar til FOU-prisen for 2022. Prisen blir tildelt av høgskulestyret, og blir delt ut på Forskingsdagane 23. september 2022. Her er [informasjon om prisen, retningsliner for tildeling og tidlegare prisvinnarar.](#)

Forskingsutvalet: Ny utlysing av såkornmidlar - frist 16. mai

Forskingsutvalet tildelte på møtet 17. februar såkornmidlar for 2022 på ca. Halvparten av det budsjetterte beløpet på kr 900.000. Forskingsutvalet vedtok å lyse ut midlane på nytt med søknadsfrist 16. mai og tildeling 2. juni. Midlane må brukast i 2022. [Les meir om såkornmidlar og søknadsskjema.](#)

Inntil 3 professor-/dosentstipend - søknadsfrist 15. juni 2022

Førstelektorar og førsteamanuensar ved Høgskulen i Volda har fått informasjon og invitasjon til å søke på professor-/dosentstipend. Søknadsfristen er 15. juni 2022. Kvinner vert særskilt oppmoda til å søkje. Vilråa for stipenda er som tidlegare år. Dette er ei støtteordning som er særmerkt for Høgskulen i Volda og av dei 13 som har teke til på ordninga sidan 2014 har 6 fått opprykk til professor/dosent. [Les meir om vilråa for ordninga på nettsidene våre.](#)

11 millionar å hente frå Regionalt Forskingsfond for Møre og Romsdal

Regionalt Forskingsfond for Møre og Romsdal har tilgjengeleg midlar som forskarar ved Høgskulen i Volda kan søke på. Den største ordninga er kalla [Kvalifiseringsprosjekt](#) som har som formål å "Styrke forsknings og innovasjonsevnen til næringsliv og kommunal sektor i Møre og Romsdal, og bygge relevant kunnskap hos FoU-miljøa". Søknadsfristen er løpande og det er 10,5 mill tilgjengeleg. Ei anna ordning under RFF er kalla [KSP \(Kompetanse- og samarbeidsprosjekt\)](#) og her er det tilgjengeleg kr

750.000 og det er også løpende søknadsfrist. [Seniorrådgivar Bjørn Tafjord](#), ASH, kan svare på spørsmål om ordningane.

Publisering og formidling

Send gjerne tips!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin](#).

Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Volda's nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her](#).

Bokserie: "Kyrkjefag profil" skiftar namn til "Religionsfag profil"

Bokserien "Kyrkjefag profil" har vorte gjeven ut av Institutt for religion og livssyn (IRL) sidan 2001, og har passert 40 utgjevingar. Frå 1. januar 2022 bytte serien namn til Religionsfag profil. Bøkene frå 2016 og framover er tilgjengelege på [nettsidene til Cappelen Damm](#), og mange av dei er tilgjengelege både på papir og gratis digital utgåve. På [biblioteket sine nettsider finn ein oversyn over bøkene i serien](#) - også den aller første boka i serien som var eit [festskrift til tidlegare HVO-tilsett Ottar Berge i høve 65-årsdagen hans](#).

Kleive, Lillebø og Sæther har redigert bok: "Møter og mangfold: Religion og kultur i historie, samtid og skole"

Tre tilsette på AHL, IRL, har redigert boka "[Møter og mangfold: Religion og kultur i historie, samtid og skole](#)" som er gjeven ut i bokserien Religionsfag profil. Dei tre redaktørane er [førsteamanuensis Hildegunn Valen Kleive](#), [førsteamanuensis Jonas Gamborg Lillebø](#) og [professor Knut-Willy Sæther](#), og dei har også skrive forordet i boka. Bidraga frå HVO: [Professor Øyvind Økland](#), ASH/Sosialfag: "Perspectives on Globalization and Culture in Intercultural Communication Textbooks".

[Førsteamanuensis Jonas Gamborg Lillebø](#), AHL/IRL: "To Compare is to Understand Oneself: On the Existential Significance of and Dialectical Dynamics in Intracultural Comparison".

[Professor Knut-Willy Sæther](#), AHL/IRL: "Når forskningskulturer møtes: Noen prinsipielle avklaringer av interdisiplinær forskning".

[Førsteamanuensis Hildegunn Valen Kleive](#), AHL/IRL: "Buddhistisk konfirmasjon"

[Professor Inger Marie Okkenhaug](#), ASH/Historie: "Thora Wedel Jarlsberg (1863-1930): Tro transnasjonale gjerninger"

[Høgskulelektor Jostein Garcia de Presno](#), AHL/IRL: "Vekkelsens vokabular. Smakebiter fra haugianernes religiolekt ca. 1800-1840".

[Førstelektor Bente Afset](#), AHL/IRL: "Bibelkunnskap - over og ut? En refleksjon over bibelkunnskapens verdi for allmenndannelsen".

Boka er eit resultat av arbeidet i [forskargruppa Religion og livssyn](#) ved HVO. I tillegg til forfattarane frå HVO er det også bidragsytarar frå Universitetet i Stavanger, Universitetet i Agder og Høgskolen i Innlandet. Publikasjonen er nr. 42 i serien Religionsfag Profil.

Peder Haug har publisert på Routledge

[Professor Peder Haug](#), AHL, har skrive ein artikkel med tittelen "Inclusion in Norwegian schools: pupils experiences of their learning environment", og artikkelen er publisert i artikkelsamlinga "[Policy, provision and practice for special educational need and disability. Perspectives across countries](#)" på forlaget Routledge. Boka er redigert av Peter Wood.

Steinnes og Haug i "Barnehagefolk"

[Førsteamanuensis Gerd Sylvi Steinnes](#) og [professor Peder Haug](#), begge AHL, har publisert ein artikkel med tittelen "Mellom tradisjon, legitimitet og verdsetting" i tidsskriftet Barnehagefolk. [Les tidsskriftet her](#).

Roar Amdam i "Forebygging"

[Professor Roar Amdam](#), ASH, har skrive artikkelen "[Strukturelle vilkår for medverking i kommunal planlegging og politikk under ulike styringssystem](#)" som er publisert i netttidsskriftet [Forebygging.no](#) (kunnskapsbase og publiseringskanal for folkehelse- og rusforebyggende arbeid).

Nytt om tilsette

Møt høgskulelektor og filmklubb-entusiast Erlend Walseth i Møre-Nytt

Ørsta-avisa Møre-Nytt har intervjuet høgskulelektor Erlend Walseth, ASH, om å drive filmklubb på ein litt uventa stad: Sæbø. Som er heimstaden til Walseth. Og filmklubben har faktisk vorte kåra til landets beste! [Les meir i Møre-Nytt \(+sak\)](#).

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

Lærlingar: IKT-servicefag og IT-driftsfag: Søknadsfrist 3. april

Ved Høgskulen i Volda er det ledig 2 praksisplassar som lærling i IKT-servicefag/ IT-driftsfag frå 1.8.2022 til 31.7.2024. Praksisplass i IKT-servicefag/ IT-driftsfag ligg under IT, som er ein del av fellesadministrasjonen. Lærlingane vil jobbe tett saman med 2.års lærlingen på avdelinga. [Les meir om stillingane og send inn søknad på nettsidene våre.](#)

Førsteamanuensis i film- og animasjonsvitskap - søknadsfrist 4. april

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for mediefag, er det ledig ei 100% fast stilling som førsteamanuensis ved Institutt for film og animasjon, frå 1.12.2022. Oppstart kan justerast etter avtale. Stillinga gjeld undervisning i film- og animasjonsvitskap og rettleiing av praktiske og vitskapelege oppgåver. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsidene våre.](#)

Professor II/Dosent II i matematikdidaktikk - søknadsfrist 15. april

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, institutt for realfag, er det ledig ei fast 20 % stilling som professor II/dosent II i matematikdidaktikk frå og med 1.8.2022. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsidene våre.](#)

Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i engelsk litteratur/kultur og didaktikk - søknadsfrist 19. april

Ved Høgskulen i Volda er det ledig ei mellombels 100% stilling som førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i engelsk litteratur/kultur og didaktikk frå 1.8.2022 til 30.06.2023. Stillinga er knytt til Institutt for språk og litteratur ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsidene våre.](#)

Professor/dosent/førsteamanuensis/førstelektor i leiing - søknadsfrist 20. april

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for samfunnsfag og historie, er det ledig fast stilling som professor/dosent/førsteamanuensis/førstelektor i leiing, med planlagt tilsetjing frå 1. august 2022. Stillinga er ved Institutt for planlegging, administrasjon og skuleretta samfunnsfag (IPAS), og primært ved programma Bachelor i planlegging og administrasjon og Master i samfunnsplanlegging og leiing.

[Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

Jurist/fagansvarleg - seniorrådgivar/rådgivar i studieadministrasjonen - søknadsfrist 24. april

Høgskulen i Volda har ledig ei 100 % fast stilling som fagansvarleg (seniorrådgivar/rådgivar). Innhaldet i stillinga er i endring og den som blir tilsett vil få høve til å utforme stillinga i lag med studiedirektør og kollegaer i Studieadministrasjonen. Stillinga rapporterer til studiedirektøren. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsidene våre.](#)

Stipendiatstillingar i barnevernsarbeid - søknadsfrist 1. juni 2022

Høgskulen i Volda søker etter stipendiatar ved Avdeling for Samfunnsfag og historie, Institutt for sosialfag (ISF). Vi ønskjer søkarar som har relevante forskingsprosjekt på området barnevern/barnevernsarbeid, gjerne med problemstillingar innanfor: Minoritetsarbeid, tverrprofesjonelt/tverretatleg samarbeid (barnevern-barnehage-skule-PPT-Bup), arbeid med barn og familiar, juridiske problemstillingar med relevans for barnevernsarbeid.

[Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)



Kultur



Idrett

Idrett, musikk, teater m.v. i Volda og Ørsta. Kampar til VSI (Volda Studentidrettslag), handball og volleyball.

Kinoprogrammet: [Volda filmteater](#) | [Ørsta kino](#) | [Hjørundfjord filmteater](#) (filmklubb)
Arrangement på [Tikkio Volda](#) | [Tikkio Ørsta](#) | [Ticketmaster Volda](#) | [Ticketmaster Ørsta](#)

31.03.-03.04.2022: [X2-festivalen](#), Volda/Ørsta
01.-03.04.2022: [NM Volleyball, U15](#), VCA
02.04.2022: [Coffee Break 4tet \(Jazzkafé, Jazzklubben\)](#), Tredet
05.04.2022: [Tysdags-kviss](#), Tredet
07.04.2022: [Funkups](#), Tredet
15.04.2022: [Pastor Rex](#), Fugl Føniks
16.04.2022: [DJ Rune](#), Fugl Føniks
16.04.2022: [Broad Line - påskefest](#), Ørsta Kulturhus
19.04.2022: Fotball, menn: [Volda - Ålesund 2](#), Volda Stadion
20.-24.4.2022: [Den norske dokumentarfilm-festivalen](#)
23.04.2022: [Volda bilmesse 2022](#), Sparebank1 Hallen (Volda Stadion)
23.04.2022: [Uberjam \(Jazzkafé, Jazzklubben\)](#), Tredet
24.04.2022: [Dyrk enkelt med drivhus v/Maria Berg Hestad](#), Ørsta kulturhus
29.04.2022: [Lizz-konsert](#), Tredet
30.04.2022: [Beady Belle \(Jazzklubben\)](#), Rokken
03.05.2022: [Jo mere vi er sammen \(Teateret Vårt\)](#), Ørsta kulturhus
06.05.2022: [Music for a while m/Tora Augestad \(Jazzklubben\)](#), Rokken
07.05.2022: Fotball, menn: [Volda-Toten](#), Volda Stadion
07.-15.5.2022: [Bygdepride](#), Volda/Ørsta
14.05.2022: [Vassendgutane og ausekarane](#), Ørstahallen
20.05.2022: [Rotlaus](#), Rokken
21.05.2022: Fotball, menn: [Volda-Førde](#), Volda Stadion
21.05.2022: [Madrugada](#), Hoven (Loen)

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

31.3. - 1.4. 2022: [Jubileumsmarkering: Sosialfag 50 år](#)
7.4.2022: [Næringskonferansen Søre Sunnmøre](#), Ørsta
8.4.2022: Disputas, [Bjørn Kjetil Larsen](#), Høgskulen i Volda
19.-20.4.2022: Personalseminar AKF
20.4.2022: [Utdanningsutvalet](#)
21.4.2022: [Forskingsutvalet](#)
22.4.2022: [50-års jubileum for Avdeling for mediefag](#)
25.4.2022: [The Northwest](#), Ålesund
25.-26.4.2022: [ITS Volda](#), internasjonalt seminar om lærarutdanning
26.4.2022: Gjesteføreling - FN's berekraftsmål

4.-8.5.2022: [European Conference on Science and Theology \(ECST XIX\)](#) (Ålesund)
5.5.2022: [Fagdag barnehage](#), HVO
5.5.2022: [Høgskulestyret](#)
11.5.2022: HMS-dag på HVO
17.5.2022: 17.mai-feiring. Faneberar: AKF
1.6.2022: [Utdanningsutvalet](#)
2.6.2022: [Forskningsutvalet](#)
2. - 3.6.2022: Avdelingsseminar AMF
03.06.2022: Disputas, [Anita Dyb Linge](#), HVO
16.6.2022: [Høgskulestyret](#)
16.-17.6.2022: [Fjordkonferansen 2022](#), Loen
9.6.2022: Sommaravslutning AKF
20.6.2022: Sommaravslutning ASH
22.6.2022: Sommaravslutning AMF
16.8.2022: [Studiestart studieåret 2022-2023](#)
23.-27.9.2022: [Forskningsdagane 2022](#)
16.11.2022: 100-årsmarkering for Henrik Kaarstad-huset

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[Helsing til sosialfag i høve 50-års jubileet](#) (31.3.2022)

[Nynorsk og engelsk, klarspråk og kvalitet. Og litt om dilemma](#) (15. mars 2022)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-bloggar](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)